



Eitt er sikkert: Det er ikkje nokon grunn til å auka prisane!

Cafe TI-aren i Gamleskulen er inne i eit nytt "driftsår". Den hadde ein god start før jul og det fekk den også på første opningsdagen i 2008, som var tysdag.

17 var innom på dei fire timane og det syntes vertskapet var lovande. Denne dagen var det "Neset-teamet" Eva Myklebust, Guri Eide og Johanna Yri som tok i mot.

Onsdag føremiddag er det møte og då ønskjer prosjektleiinga innspel og gode råd om opplegget for 2008. Kva kan eventuelt forberast med sikte på å auka frammøtet enda meir?